



TIME KOMMUNE

Lye skule

Referat frå SU/SMU måndag 12.februar på konferanserommet på Lye skule

Til stades:

Therese Fossnes, FAU-leiar
Svein Bø, polititar Time kommune
Solbjørg Holen, representant for lærarane
Margrethe Hauge, tillitsvalt /lærarrepresentant
Iselin Stangeland, SFO-leiar
Sigrid Hinnaland Kjetland, rektor
Mathilde Vigre, elevrådsrepresentant
Ingrid Finnbakk Susort, elevrådsrepresentant

Forfall:

Bent Flattum, foreldrerepresentant SFO
2 elevar

Sak 1 Rettleiande skulekrinsar og fritt skuleval jmf. ny opplæringslov

For Lye sin del er ikkje dette ei utfordring. Grensene er geografisk naturlege og kapasiteten ved skulen er bra. Me er kjent med at enkelte har søkt om å få gå på Hognestad eller Rosseland pga kortare avstand. For skular som ligg nær kvarandre kan “fleksible” skulekrinsar skapa usikkerheit for elevar, og valet av skule kan bli styrt av venner og “følelsar”.

Sak 2 Bokmål og nynorsk- klassar på ungdomsskulen jmf . ny opplæringslov

På barnetrinnet kan det i dag vera utfordrande med rett til bokmålsklassar. Bokmålsklassar fører gjerne til ulik storleik på klassane på trinnet og derfor skeivfordeling av ressursar, og bergensar fleksibilitet i undervisninga.

Det vil truleg bli ein realitet på ungdomstrinnet og om det blir oppretta bokmålsklassar etter ønske frå elevar/foreldre. Om desse klassane ikkje blir på nærskulen trur me at det det vil begrensa kor mange som vel bokmål. Me ser og at “venneval” kan vera grunnlag for eit målformval, og kan ha negativ påverknad i klassemiljø.

Sak 3 Kapasitet og analyse av grunnskolen

Med utgangspunkt i “Agenda Kaupang”-rapporten frå 2022 gjorde me oss nokre tankar m.t.p ny skulebruksplan.

Rapporten var bestilt av politikarane i kommunen med utgangspunkt i at det hadde vore stort og aukande meirforbruk i Timeskulen i 2020 og 2021.

Overforbruket er knytta til at skulane har tilsett fleire enn det tildelt ramme gir rom for.

Me er kjent med at ein del av årsaka er 9A saker, retten til trygt og godt skulemiljø og at elevane skal få spes.ped.undervisning som er ein juridisk rett nokre elevane har m.m.

Ressursane har ikkje strukke til og fleire skular har difor hatt meirforbruk.

Rapporten viser at Timeskulen blir driven bra, og med svært knappe ressursar.

Imponerende bra, og spørsmålet er kor lenge ein kan gå på “sparebluss” før det går utover kvalitet. Rapporten konkluderer med at enten så må kommunen styrka skulen, eller så må ein sjå på ein mindre kostnadskevande skulestruktur.

SU synest det er bra at det god kvalitet i Timeskulen, og det ønsker me for framtida. Me ser at det er vanskelegare å få tak i kvalifiserte lærarar. Det er viktig å gjera noko med rekruttering til læraryrket, både lokalt og sentralt. Det er og viktig å jobba for å behalda dei lærarane me har. Det er viktig at dei får tid nok til kjerneoppgåvene. Ein kjem ikkje unna at skulane treng eit større handlingsrom enn det dei opplever å ha i dag. For å rusta elevane i Timeskulen og gi dei det aller beste grunnlaget for å meistre livet trengs gode, kvalifiserte lærar samt tilgang på både digitale og analoge lærebøker.

Lærebrett 1-1 fungerer bra i Timeskulen, og er eit særskilt viktig reiskap for tilpassa opplæring.

EVENTUELT:

Forslag om å endra ordensreglementet jmf. anbefaling om mobilfrie-klasserom

Elevane synest det er både fordeler og ulemper, spesielt på ungdomsskulen.

På barneskulen bør smartklokker og mobilar liggja avskrudde i sekken. Rektor tek kontakt med FAU, slik at dei kan uttala seg. Det vil koma ei endring i ordensreglementet.

Med venleg helsing
Sigrid Kjetland
rektor, Lye skule
Tlf: 51776083

